



Stian Raunehaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3706 - 16/3832

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

25.02.2016

## Oppføring av garasje på gbnr. 10/142 i Meland kommune


Det vert vist til Meland kommune sitt brev av 9.9.2014 («Førespurnad om opplysningar tilknytt bruken av gbnr. 10/142 i Meland kommune») og ditt svar i e-post av 18. sm.

Basert på opplysningane i nemnde e-post legg kommuneadministrasjonen til grunn at det allereie er ført opp ein carport på gbnr. 10/142. Det er vidare opplyst at du har vurdert den aktuelle carporten som eit tiltak som er unntatt frå den generelle søknadsplikten, jf. høvesvis dågjeldande Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-3 bokstav a og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 4-1 bokstav a.

Det er rett at nemnde lov- og forskriftsføresegner kan fritta tiltak som dette frå søknadsplikt, men det føreset at tiltaket ikkje kjem i strid med anna regelverk, sjå SAK10 § 4-1 første ledd:

*«(...) Tiltakshaver har ansvar for at tiltaket utføres i samsvar med plan- og bygningslovens bestemmelser med tilhørende forskrifter, kommuneplanens arealdel, reguleringsplan og tillatelser. Tiltaket må heller ikke komme i strid med annet regelverk.» [Adm. understr.]*

Administrasjonen har ikkje grunn til å stille spørsmål ved opplysningane om at den aktuelle carporten held seg innanfor dei krav til høgde og storleik som følgjer av SAK10 § 4-1 bokstav a, men gjør merksam på at plasseringa likevel er i strid med gjeldande byggjegrænse mot kommunal veg, jf. høvesvis plankartet til gjeldande reguleringsplan (*Reguleringsplan for Holmemarka*) og Veglova §§ 29 og 30:



Administrasjonen vurderer på denne bakgrunn at den aktuelle carporten er avhengig av søknad og kommunal godkjenning, idet føresegna om unntak frå søknadsplikt i SAK10 § 4-1 bokstav a berre gjeld dersom tiltaket elles er i samsvar med gjeldande lov- og plangrunnlag.

Kommunen sett med dette frist til 1.4.2016 for innsending av søknad om høvesvis dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg og om byggjeløyve, jf. pbl. kap. 19 og 20. Om verknad av manglande godkjenning vert det igjen vist til kommunen sitt brev av 9.9.2014.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Stian Raunehaug